



Ressursutnytting: I si alternative jordbruksmelding tek Alliansen ny landbrukspolitikk til orde for å ta i bruk meir jordbruksareal og auke sjølvforsyninga. Foto: Bjarne Bekkeheien Aase

Landbruk

Krev høgare prisar og mindre import

Sju ungdoms- og miljøorganisasjonar vil ha ny kurs i landbrukspolitikken med auka sjølvforsyning, meir bruk av jord og høgare matprisar.

Torsdagkveld lanserte Alliansen ny landbrukspolitikk si alternative jordbruksmelding. Bak alternativet står sju ungdoms- og miljøorganisasjonar. Kathrine Kinn, som har koordinert arbeidet, seier dei ønsker ein heilt ny kurs i landbrukspolitikken.

– Vi vil ha ein heilt ny kurs. Det overordna målet er å auke den reelle sjølvforsyningsgraden. Vi må utnytte ressursane vi har her i landet framfor å importere frå land med svært skeiv jordfordeling. Det har med solidaritet og rettferd å gjere, men òg av omsynet til klima og biologisk mangfald må vi ta meir av arealet her i landet i bruk, seier Kinn, som òg er styremedlem i miljø- og utviklingsorganisasjonen Spire.

Vil ha fleire bønder

I den alternative jordbruksmeldinga er det ifølgje Kinn ikkje sett eit konkret mål for auken i sjølvforsyningsgraden. Kinn seier det blir behov for fleire bønder for å klare oppnå målet.

– For å utnytte ressursane treng vi fleire bønder, ikkje færre slik utviklinga er i dag. Det må

satsast på både deltids- og heiltidsbønder, seier Kinn.

Ho vedgår at det truleg vil krevje større samla ressursbruk.

– Ja, mat er det viktigaste vi brukar pengar på. Vi må investere i matproduksjonen, seier ho.

Tilskotsnivået har dei ifølgje Kinn ikkje omtalt. Tanken er ifølgje Kinn å auke inntektene frå marknaden gjennom å ta i bruk handlingsrommet i tollvernet. Det kan gi høgare matprisar.

– I staden for å ha eit mål om at jordbruket skal vere mest mogleg kostnadseffektivt, så må det å produsere sunn og trygg mat vere det viktigaste. I dag bruker vi lite av inntekta vår på mat. Vi går inn for at handlingsrommet i tollvernet skal brukast. Det vil



gjere det lettare å oppnå det vi ønsker, seier Kinn.

– Er forbrukarane villige til å betale meir for maten?

– 92 prosent ønsker å behalde ein matproduksjon på dagens nivå. Då bør dei vere villige til å betale for det, seier Kinn.

– Uheldig billigmatfokus

Kinn seier landbrukspolitikken og korleis maten blir laga bør engasjere breiare. Ho viser til vekst for andelsjordbruk, stor lokalmatinteresse og nye koplingar mellom forbrukar og produsent.

– Vi må fortelje dei gode historiene. Klimaet her gir oss færre sjukdomar og friske dyr. Vi må vise forbrukarane at det er mykje bra med norsk landbruk, seier ho. Anna Karlsson supplerer.

– Det vi har grunnlag for å produsere i Norge bør ha eit godt tollvern. Vi synest nordmenn godt kan bruke ein større del av inntekta på mat, men norsk mat må ikkje bli så dyr at den blir utkonkurrert. Det vil gi auka

Sjølvforsyning

«Vi vil ha ein heilt ny kurs. Det overordna målet er å auke den reelle sjølvforsyningsgraden.»

Kathrine Kinn, koordinatør for den alternative jordbruksmeldinga

Fakta

Jordbruksmeldinga

- Lagt fram av regjeringa 9. desember i fjor.
- Innstillinga frå Stortinget venta å kome 6. april, med debatt og votering 25. april.
- Organisasjonane bak den alternative jordbruksmeldinga er: Natur og Ungdom, Sosialistisk Ungdom, Spire, Biologisk-dynamisk forening, Grønn Ungdom, Rød Ungdom og ungdomsutvalet i Småbrukarlaget.

import og det er ikkje ønskeleg, seier ho og legg til:

– Fokuset til matkjedene på billigast mogleg mat er svært uheldig. Vi ønsker best mogleg mat, seier Karlsson, leiar i Spire.

Kinn seier auka kraftfôrpris og at tilskota må flyttast frå produksjonsvolum og bygningar til bruk av jord er viktige tiltak. Ho seier utmarka må nyttast meir, men alliansen har ikkje tatt stilling til rovdyrpolitikken.

– Eg ser det kan vere vanskelig å seie at vi vil auke bruken av utmarka utan å seie noko om rovdyr, men der har organisasjonane ulikt syn, seier Kinn.

Bjarne Bekkeheien Aase
bjarne.aase@nationen.no

Grønnere og smartere

INDUSTRI

Kraftkrevende industri må fortsatt få CO2-kompensasjon, og det må bli lettere for små bedrifter å få lån, sier regjeringen i den nye industrimeldingen.

Statsminister Erna Solberg (H) og næringsminister Monica Mæland (H) la torsdag fram hovedpunktene i regjeringens nye industrimelding under en pressekonferanse i Herøya industripark i Porsgrunn.

Senterpartiet forsøkte i forkant å stanse pressekonferansen, fordi partiet mente det var uryddig at biter av meldingen ble lekket før hele stortingsmeldingen formelt blir tilgjengelig etter statsråd fredag.

– Opposisjonen vil i den offentlige debatten etter presentasjonen være helt prisgitt regjeringens utvalg av informasjon, uttalte Sps næringspolitiske talsmann Geir Pollestad.

Også LO reagerte på fremleggelsen.

Avvist

Kravet ble imidlertid avvist av Stortingets presidentskap torsdag morgen.

Under fremleggelsen forsikret Mæland at det bare ble gitt «en smakebit» av selve meldingen.

Blant tiltakene som regjeringen lekket torsdag, var en videreføring av CO2-kompensasjonsordningene for kraftkrevende industri også etter 2020, nye støtteordninger for oppstartsbedrifter og lettere tilgang for lån og kapital for små og mellomstore bedrifter.

– Kan slite med lån

– Vi vet at disse bedriftene kan slite med å få lån og investeringsvillig kapital, uttalte Monica Mæland. Regjeringens grep er å redusere kapitalkravet til bankenes utlån til små og mellomstore bedrifter.

Hun sa også at regjeringen vil legge fram en strategi for grønn konkurransekraft, og at norsk industri skal være helt i front på grønne og bærekraftige løsninger. Regjeringen har gitt meldingen, som er den første siden 1981, stikkordene «grønnere, smartere og mer nyskapende».

– Industrien vår må bli grønnere fordi vi skal ha konkurransekraft i et lavutslipps-samfunn, sa Solberg. ©NTB



Ga smakebiter: Erna Solberg (H). Foto: NTB scanpix